

Årsmøte Flora Turlag

Torsdag 24.november 2022, Comfort Hotell kl. 18 30. Det var registrert 27 røysteføre medlemmar blant dei 30 frammøtte.

Arild Nordal fortalte først om den spennande turen over Nordvestpassasjen 01.04.22 til 02.05.22, og viste mange kjekke biletar frå turen.

Anders Espeseth fortalte litt om dugnad og samarbeid mellom Flora Turlag og Kinn kommune. Han ønskjer å få fleire dugnads hender med på ein fast dugnadsdag og foreslo for årsmøte kvar 14. dag(fredagar) på dagsid. Første prioritet er no stien til Fløgen. Han kom og med forslag om eit system med at ein kan ha eigne ansvarlege for kvar sin sti. Det står att litt arbeid på Lilleåsen med opprydding.

1) Godkjenning av innkalling

Det kom merknad om at dokumenta til årsmøte kom ut for seint. Merknadane blei tatt til vitande.

Innkallinga blei samråystes godkjent.

2) Godkjenning av sakslista

Saklista vart samråystes vedtatt.

3) Val av møteleiar

Roald Leivestad vart samråystes valt som møteleiar.

4) Val av to møtesekretærar

Anders Myklebust og Karen Nilsen vart samråystes valt som møtesekretærar.

5) Val av to til å skrive under protokollen

Knut Julnes og Siv Grov vart samråystes valt til å skrive under protokollen.

6) Styret si årsmelding, vedlegg 1 – Årsmelding 2022

Bengt, leiar FT, tok årsmøtet gjennom årsmeldinga. Merknad om at punkt 22 var turleiararsamling og ikkje grunnleggjande turleiarkurs.

Merknadane blei tatt til vitande.

Årsmeldinga blei samråystes vedtatt.

7) Årsrekneskap, vedlegg 2 – Årsrekneskap 2022

Sunniva, rekneskapsansvarleg FT, gjekk gjennom tala i rekneskapen.

Anders, ansvarleg for hytter, forklarte tala frå utgiftene på Kinn hytta.

Siv Merete, leiar SFT, forklarte om fordeling av kontingensten til SFT.
Spørsmål om moms kompensasjon sjekkast ut av styret.
Årsrekneskapen blei samrøystes vedtatt.

8) Budsjett og handlingsplan for 2023, vedlegg 3

Sunniva, rekneskapsansvarleg FT, gjekk igjennom budsjettet for 2023
Bengt, leiar FT, gjekk gjennom handlingsplan 2023.
Det kom fleire forslag til tiltak som kunne settast inn i handlingsplanen.
Styret tek innspela til vitande og vurderer dei inn i en revisjon av planen.
Budsjett og handlingsplan blei samrøystes vedtatt.

9) Fastsetting av losji prisar for 2023

Bengt, leiar FT la fram forslag til vedtak frå styret: Flora Turlag følgjer DNT sine prisar og reglar på hyttene.
Innsendt forslag frå Signe Nordvik:
200 kr per døgn, 400 kr ikkje-medlemmar. Ungdom under 13 år: 100 kr for medlem og ikkje.
Dagsbesøk: 50/70 kr. Dagsbesøk familie: 60/110 kr. .
Signe sitt forslag blei vedtatt av årsmøte.

10) Fastsetting av turavgift for 2023, vedlegg 5 - diverse forslag til priser av turar/hytter/aktivitetar

Turavgift Flora Turlag 2023, forslag til vedtak: Heildagsturar: Medlemmar gratis og ikkje-medlemmar kr. 100. Tysdags- og onsdagsturar: Medlemmar gratis og ikkje-medlemmer kr. 100. Barn under 15 år gratis.
Transport kr. 50 til sjåfør ved felleskøyring. Over 30 km kr. 80
Turavgifta blei samrøystes vedtatt.

11) Statutter for fond, vedlegg 6

Statuttar for fond blei vedtatt mot ei stemme, av årsmøtet.

12) Bygging av sikringsbu ved Gjegnabu, vedlegg 7

Bengt, leiar FT, la fram styret si innstilling, samt innstillinga til nemnda som har ansvar for prosjektet:
Styret anbefaler ovanfor årsmøtet å godkjenne bygging av sikringsbu på Gjegnabu innafor ei kostnadsramme på kr 3.000.000. Forutsetninga for bygging er at sikringsbua lar seg finansiere. Styret får fullmakt til å godkjenne endeleg finansiering.
Vedtaket blei samrøystes vedtatt.

13) Retningslinjer for deltaking av/med hund på fellestur, vedlegg 8

Styret sitt opphavlege vedtak var: Styret opprettheld forbodet i utgangspunktet, men opnar for å arrangere enkelte turar ila. året der det er lov med hund.

Styret reviderte sitt vedtak til:

Årsmøte opnar for at turleiaren kan godkjenne hund med på fellestur, eit forslag for året 2023. Det skal skrivast på turinformasjon som kjem ut i forkant om hund er tillat eller ikkje.

Innsendt forslag til vedtak frå Bjørn Angell-Jacobsen var:

«Årsmøtet i Flora Turlag registererar at styret har innført forbod mot hund på alle turar arrangert av turlaget. Årsmøtet vil fjerne dette forbodet. Turlaget har ikkje ansvar for hund som turdeltakar har med, dette ansvaret ligg aleine hos turdeltakaren. På turar med innandørs overnatting, kan ikkje hundar vere innandørs med mindre overnattingsstaden er tilrettelagd for det.»

6 stemmer for innkome forslag. Styret sitt reviderte forslag blei dermed vedtatt.

14) Val.

- styret 2023 sin leiar
- styremedlemmar 2023
- medlem til valnemnd 2023
- revisor 2023

Valnemnda si innstilling

| | | | |
|---------------------|------------|--------------|--------|
| Bengt Solheim-Olsen | leiar | attval | (1 år) |
| Anders Myklebust | medlem | ikkje på val | (1 år) |
| Siv Grov | medlem | ikkje på val | (1 år) |
| Sunniva Geithus | medlem | attval | (2 år) |
| Karen Nilsen | medlem | attval | (2 år) |
| Kari-Anne Melvær | varamedlem | attval | (1 år) |
| Rene Korneliussen | varamedlem | nyval | (1 år) |
| Alvdis Solvalg | revisor | attval | (1 år) |

Val av styret

Bengt Solheim-Olsen vart samråystes valt som styreleiar. Dei andre styremedlemene og revisor som var på val vart samråystes valt.

Val av valnemnd

| | |
|-----------------|-------|
| Heidi Humlestøl | leiar |
| Toralf Otnes | nyval |
| Gyda Folketal | nyval |

Valnemnd samråystes valt.

Val av to utsendingar til Sogn og Fjordane Turlag sitt årsmøte

Forslag til vedtak: Styret får fullmakt til å utpeike nokon frå styret når dette er konstituert.
Vedtaket blei samrøystes godkjent.

Vi gjer merksam på at alle vedlegg som vedkjem årsmøtet ligg på FT sine heimesider.

Vi takkar alle som deltok på årsmøte, med gode diskusjonar og refleksjonar!

Ekstra takk til Arild for eit flott foredrag.

Florø, 03. desember 2022

Karen Nilsen
[Karen Nilsen \(Dec 28, 2022 18:10 GMT+1\)](#)

Karen Nilsen

Møtesekretær

Anders Myklebust
[Anders Myklebust \(Dec 6, 2022 06:55 GMT+1\)](#)

Anders Myklebust

Møtesekretær

Knut Julnes
[Knut Julnes \(Dec 28, 2022 16:11 GMT+1\)](#)

Knut Julnes

Signatur møteprotokoll

Siv Grov
[Siv Grov \(Dec 6, 2022 18:24 GMT+1\)](#)

Siv Grov

Signatur møteprotokoll